Sunnfjord kommune

Årsplan 2026–2028

Skei barnehage



Innhald



..... 1
Årsplan 2026–2028 Skei barnehage 1
Einingsleiar har ordet 3
Presentasjon av Skei barnehage 4
Visjon for barnehagen 5
Barnehagen sitt verdigrunnlag 5
Satsingsområde for barnehagen 2026–2028 6
Fagområde frå rammeplanen til barnehage 7
Medverknad 10
Barn 10
Foreldresamarbeid 10
Tidleg innsats 11
Overgangar 12
Når barnet startar i barnehagen 12
Overgangar i barnehagen 12
Overgang mellom barnehage og skule 12
Samarbeid 13
Samarbeid internt i barnehagen 13
Samarbeid med eksterne instansar 13
Barnehagen som pedagogisk verksemd 14
Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering 14
Hendingar og markeringar i barnehagen 15

Einingsleiar har ordet



Velkomen til eit nytt barnehageår i Skei barnehage! Årsplanen skal gje innblikk i kva vi står for, og korleis vi arbeider for å skape ein trygg og god kvardag for alle barn. Her finn de informasjon om verdiane våre, dei pedagogiske måla vi arbeider etter, og korleis vi legg til rette for leik, læring, omsorg og danning gjennom heile året. Årsplanen er eit viktig arbeidsreiskap for personalet, og fungerer samtidig som eit grunnlag for samarbeid og medverknad frå føresette. Innhaldet byggjer på barnehagelova og Rammeplan for barnehagen, og skal vere ei støtte for det daglege arbeidet vårt.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen vår. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik. Derfor arbeider vi aktivt med å legge til rette for gode leikemiljø som inspirerer til utforsking, nysgjerrigheit og gode opplevingar. I leiken får barna utforske verda på sine eigne premissar, prøve ut idear, løyse utfordringar og uttrykke tankar og kjensler. Dei tilsette i barnehagen er til stades som engasjerte og støttande vaksne som byggjer relasjonar, og hjelper barna med å finne sin plass i fellesskapet.

Eit godt samarbeid med føresette er avgjerande for at barnet skal ha det trygt og godt i barnehagen. Saman med føresette ønskjer vi å vere «laget rundt barnet» der vi samarbeider om å støtte barnet si utvikling, læring og trivsel. Eit godt samarbeid mellom barnehage og heim legg til rette for at barnet kan oppleve tilhøyrsle og utvikle seg i eit trygt og omsorgsfullt miljø.

Eg er stolt av den flotte barnehagen vår, dei dyktige tilsette og det gode samarbeidet vi har med barna og familiane deira. Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål eller innspel. Ingen spørsmål er for små eller for store, og vi set pris på ein ærleg og open dialog. Saman kan vi skape dei beste rammene for barna si trivsel, utvikling og læring. Saman blir vi drivande gode.

Hjarteleg velkomen til Skei barnehage!

Anne-Sofie Fonn Nilsen
Konstituert einingsleiar
Skei barnehage

Presentasjon av Skei barnehage

Skei barnehage er ein kommunal barnehage i Sunnfjord kommune og ligg sentralt på Skei. Barnehagen vart etablert i 1987 i ein tidlegare legebustad. I 1999 flytta barnehagen inn i nytt bygg, samstundes som den private barnehagen, Knærten, og Skei barnehage vart etablert som ein barnehage med to avdelingar. Som følgje av auka barnetal vart bygget utvida i 2013. Utvidinga gav plass til fleire avdelingar og styrkte kapasiteten i barnehagen.

Barnehagen har i dag har 84 plassar for barn i alderen 0–6 år, fordelt på fire avdelingar: Røsslyng og Skogstjerne med 24 plassar kvar, og Solsikke og Blåklokke med 18 plassar kvar. Avdelingane er organiserte etter alder og behov, og legg til rette for eit trygt og utviklande lærings- og leikemiljø for alle barna. Opningstida er frå kl. 07.00 til 16.30.

Det flotte uteområdet og den korte vegen til naturen gjev gode moglegheiter for leik, utforsking og naturopplevingar gjennom heile året.

Avdeling Solsikke
Barn 1 til 2 år
Mobil tlf.: 480 94 110

Avdeling Blåklokke
Barn 1 til 3 år
Mobil tlf.: 481 51 835

Avdeling Skogstjerne
Barn 4 til 5 år
Mobil tlf.: 979 54 880

Avdeling Røsslyng
Barn 5-6 år
Mobil tlf.: 979 54 880



Skei barnehage
Tlf.nr./mobil tlf.: 577 26 433/994 85 240

Visjon for barnehagen



Visjonen vår, «Saman blir vi drivande gode», handlar om krafta i samarbeid. Vi trur at dei beste føresetnadene for barnet si trivsel, utvikling og meistring blir skapte når foreldre og barnehage arbeider saman mot eit felles mål.

Foreldre kjenner barnet best, medan vi i barnehagen møter barnet kvar dag og ser korleis barnet utviklar seg og samspelar med andre barn og vaksne gjennom leik, omsorg og læring. Ved å ha ein open dialog, dele erfaringar og vise kvarandre tillit, byggjer vi eit sterkt lag rundt barnet. Saman kan vi støtte barnet på ein måte som gir tryggleik, utvikling og gode opplevingar i kvardagen.

Når foreldre og barnehage samarbeider godt, blir vi drivande gode saman til beste for barnet.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.



Engasjert – Inkluderande – Nær. Vi er EIN.
Dette er fundamentet i arbeidet vårt og pregar måten vi møter barn, foreldre og kvarandre på. Verdiane våre skal vere synlege i kvardagen og hjelpe oss med å skape eit trygt, omsorgsfullt og utviklande miljø for alle.

Engasjert
Vi er engasjerte i arbeidet vårt og møter kvar dag med positivitet, glede og interesse. Vi deltek aktivt i fellesskapet, bidreg med idéar og inspirasjon, og er opne for nye impulsar. Gjennom god førebuing, samarbeid og eit positivt engasjement støttar vi kvarandre og arbeider saman for å gje barna dei beste opplevingane og utviklingsmoglegheitene.

Inkluderande
Vi ønskjer at alle skal oppleve å høyre til i fellesskapet. Vi viser respekt for kvarandre, lyttar til ulike perspektiv og verdset den kompetansen og erfaringa kvar enkelt bidreg med. Vi møter kvarandre med openheit, omtanke og eit positivt kroppsspråk, og vi arbeider for at alle skal kjenne seg sett, høyrde og inkluderte.

Nær
Vi byggjer relasjonar prega av omsorg, tillit og respekt. Vi er lydhøyre for kvarandre sine behov, viser empati og bryr oss om korleis andre har det. Ved å vere rause, tolmodige og tilgjengelege for kvarandre, skaper vi eit arbeidsmiljø der alle opplever støtte, fellesskap og tryggleik. Når vi er **engasjerte, inkluderande og nær**, styrkjer vi både arbeidsmiljøet vårt og samarbeidet med barna og familiane. Saman skaper vi ein barnehage der alle kan trivast, utvikle seg og bli drivande gode.

Satsingsområde for barnehagen 2026–2028

I løpet av barnehageåret har vi særleg fokus på følgjande satsingsområde. Desse områda skal bidra til å styrkje kvaliteten i tilbodet vårt og sikre at barna opplever ein trygg, inkluderande og utviklande kvardag.

Leik som grunnlag for trivsel, vennskap, læring og utvikling
Leiken har ein sentral plass i barnehagen og er barnet sin viktigaste arena for utforsking, læring og sosial utvikling. Gjennom leiken utviklar barna språk, fantasi, kreativitet og evna til å samarbeide med andre. Leiken gir også moglegheit til å knyte vennskap, oppleve meistring og uttrykkje tankar, kjensler og erfaringar.
Personalet skal vere tilstadeverande vaksne som støttar, inspirerer og legg til rette for gode leikemiljø der alle barn får delta og oppleve glede og tilhøyrsle.

Det fysiske leikemiljøet
Eit godt leikemiljø skal invitere til ulike former for aktivitet, frå rolleleik og konstruksjonsleik til fysisk utfalding og rolege aktivitetar. Vi ønskjer å skape miljø som vekkjer barnet si nysgjerrigheit og gir rom for medverknad, fantasi og skaparglede.

Samlingsstund – Plass til alle
Samlingsstunda er ein viktig arena for fellesskap og deltaking. Her får barna oppleve tilhøyrsle til gruppa gjennom song, forteljingar, samtalar, undring og ulike aktivitetar. Vi ønskjer å skape samlingsstunder som engasjerer barna og gir positive felles opplevingar. Samlingsstunda skal vere ein stad der alle barn får høve til å bidra, bli høyrde og kjenne seg som ein verdifull del av fellesskapet.

Laget rundt barnet
Barnet står i sentrum for alt vi gjer. Rundt barnet finn vi foreldra og dei tilsette i barnehagen. Saman utgjer vi laget rundt barnet. Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er avgjerande for barnet si trivsel og utvikling. Gjennom open dialog, gjensidig tillit og felles mål arbeider vi saman for å skape dei beste føresetnadene for kvart enkelt barn.

Det regulerte barnet - frå uro til ro.
Det regulerte barnet - frå uro til ro er eit felles satsingsområde i oppvekstsektoren i Sunnfjord kommune. Målet er å styrkje personalet si kompetanse i møte med barn som viser uro, sterke kjensler eller utfordrande åtferd. Vi arbeider med å forstå kva barnet prøver å formidle gjennom åtferda si, og korleis vi som vaksne kan møte barnet med ro, omsorg og tryggleik. Gjennom trygge relasjonar og gode vaksne støttar vi barna i å setje ord på kjensler, handtere utfordringar og oppleve meistring.

Livsglede for eldre
Livsglede for eldre er eit samarbeid med Skei omsorgssenter. Gjennom møte mellom generasjonar får barn og eldre oppleve glede, læring og fellesskap. Ved besøk og felles aktivitetar ønskjer vi å bidra til at barna utviklar respekt, omsorg og forståing for andre menneske, samstundes som dei eldre får oppleve aktivitet, samvær og livsglede. Desse møta skaper positive opplevingar og verdifulle relasjonar på tvers av generasjonar.

Grip omgrepa
Språk er grunnlaget for kommunikasjon, læring og deltaking i fellesskapet. Gjennom *Grip omgrepa* arbeider vi systematisk med å styrkje barna si språkforståing og omgrepsutvikling. Målet er å gi barna eit rikt og variert språk som styrkjer deira moglegheiter for læring, deltaking og vidare utvikling.

Trafikksikker barnehage
Vi er ein trafikksikker barnehage og arbeider aktivt for å skape gode haldningar og kunnskap om trafikktryggleik hos barna. Trafikkopplæring blir ein naturleg del av kvardagen gjennom samtalar, turar i nærmiljøet og praktiske erfaringar. Barna får øve på å ferdast trygt i trafikken, forstå enkle trafikkreglar og utvikle gode vanar som dei kan ta med seg vidare i livet. Vi samarbeider også med foreldra om å fremje trygg ferdsel til og frå barnehagen. Målet er å auke barna si medvit om trafikk og bidra til ein tryggare kvardag for alle.

Fagområde frå rammeplanen til barnehage



Kommunikasjon, språk og tekst
Vi støttar barna si språklege utvikling gjennom samtalar, høgtlesing, song, rim og regler. Barna får uttrykkje tankar, kjensler og erfaringar og møte eit rikt og variert språkmiljø.

Kropp, rørsle, mat og helse
Barna får oppleve rørsleglede, meistring og utfordringar gjennom aktiv leik inne og ute. Vi fremjar gode vanar knytte til kosthald, helse, kvile og trivsel.

Kunst, kultur og kreativitet
Barna får utforske og uttrykkje seg gjennom skapande aktivitetar, musikk, dans, drama og ulike kunstuttrykk. Vi legg vekt på fantasi, skaparglede og kulturelle opplevingar.

Natur, miljø og teknologi
Gjennom leik, undring og utforsking får barna oppleve naturen og lære om miljøet rundt seg. Dei får erfaringar med enkle teknologiske løysingar og berekraftig tenking.

Tal, rom og form
Barna møter matematikk i kvardagen gjennom leik, utforsking og problemløysing. Dei får erfaringar med tal, mønster, sortering, måling, former og romforståing.

Etikk, religion og filosofi
Vi legg til rette for undring, refleksjon og samtalar om verdiar, kjensler og livsspørsmål. Barna får kjennskap til ulike tradisjonar, kulturar og livssyn, og vi fremjar respekt og inkludering.

Nærmiljø og samfunn
Barna får bli kjende med nærmiljøet sitt og oppleve at dei er ein viktig del av fellesskapet. Dei får erfaringar med medverknad, demokrati og ulike måtar menneske lever saman på.

Alle fagområda i rammeplanen blir arbeidd med gjennom dei ulike satsings- og utviklingsområda våre. Gjennom målretta arbeid ønskjer vi å skape eit trygt, inkluderande og utviklande barnehagemiljø for alle barn.



Inkluderande barnehagemiljø



Hovudmål: Alle barn skal ha det trygt og godt i Skei barnehage.
Delmål: Alle vaksne skal følgje med på at alle barn trivast og har det bra i barnehagen.
Tiltak:

- Dei vaksne skal vere aktive og til stades i leiken kvar dag.
- Dei vaksne skal observere barna og aktivt vere merksame på teikn på sårbarheit eller utfordringar.
- Ha ein nær og open dialog med føresette om barnet sin trivsel og utvikling.
- Ha fokus på eit inkluderande og trygt miljø i avdelinga.
- Gi alle barn positiv merksemd og anerkjenning kvar dag.

Språk og språksatsing



Hovudmål: Skape gode språkmiljø i barnehagen, som eit godt grunnlag for alle barn si språkutvikling.
Delmål: Legge til rette for språkaktiviteter tilpassa barna sine ulike føresetnadar og behov.
Tiltak:

- Jobbe med ulike språkverktøy: «Grip om grepa», «Språkkista», «Babblarna», «ASK - alternativ supplerande kommunikasjon»
- Bruke verktøya i planlegging og gjennomføring av språkaktiviteter

Relasjonskompetanse



Hovudmål: Etablere trygge og gode relasjonar mellom vaksne og barn, som eit grunnlag for barna sin trivsel og utvikling.
Delmål: Auke personalet sin kompetanse om tilknyting og tryggleik (Tryggleikssirkelen, COS).
Tiltak:

- Nytte tryggleikssirkelen som modell for å forstå barna sine behov og åtferdsuttrykk
- Setje grenser som speglar tryggleikssirkelen - større, sterkare, klokare og god
- Jamleg reflektere og vurdere eiga evne til å etablere, vedlikehalde og reparere relasjonar

Medverknad

Barn si rett til medverknad er forankra i barnehagelova, rammeplanen, Grunnlova og FN sin barnekonvensjon. I Skei barnehage skal barna oppleve at dei blir høyrde, respekterte og får påverke eigen kvardag. Barna skal få uttrykkje tankar, meiningar og ønskje på måtar som er naturlege for dei, og vi som vaksne har ansvar for å lytte og ta barna sine uttrykk på alvor.

Medverknad handlar ikkje om at barna skal bestemme alt, men at dei skal få vere aktive deltakarar i eigen kvardag. Kor mykje innverknad barna får, blir tilpassa alder, modning og føresetnader. Vi legg til rette for at barna kan vere med på val, planlegging, gjennomføring og vurdering av aktivitetar og innhald i barnehagen.

For personalet i Skei barnehage betyr dette at vi ser kvart barn som eit unikt og likeverdig menneske. Vi er merksame på at barn kommuniserer på ulike måtar gjennom ord, kroppsspråk, leik, glede, frustrasjon, stillheit eller andre uttrykk. Det er vårt ansvar å tolke og forstå barna sine signal, og sørgje for at dei opplever å bli sett, høyrde og tekne på alvor.

Gjennom medverknad ønskjer vi å styrkje barna si sjølvkjensle, oppleving av meistring og kjensle av å vere ein viktig del av fellesskapet. Dette gir barna erfaring med demokrati og medverknad, og skapar eit barnehagemiljø der alle opplever at deira stemme har verdi.

Barn

I Skei barnehage legg vi vekt på at alle barn skal bli høyrde og oppleve at dei har innverknad på sin eigen kvardag. Vi møter barna med respekt og openheit, og tek deira tankar, meiningar og initiativ på alvor.

Medverknad i Skei barnehage betyr at alle barn skal:

- oppleve at dei er med og påverkar eigen kvardag.
- bli møtt av vaksne som er opne for barna sine innspel og initiativ.
- få høve til å uttrykkje seg og vere seg sjølve, samstundes som dei lærer å ta del i fellesskapet.
- bli tekne med på råd i planlegging, gjennomføring og vurdering av aktivitetar.
- oppleve at meiningane deira blir lytta til og tillagt verdi ut frå alder og modning.

Gjennom medverknad ønskjer vi å styrkje barna si sjølvkjensle, meistringskjensle og deltaking i fellesskapet. Barna skal oppleve at dei er viktige, og at deira stemme betyr noko i barnehagekvardagen.

Foreldresamarbeid

Det er føresette som har hovudansvaret for oppdraginga av barna. Barnehagen si verksemd skal vere i nær forståing og samarbeid med heimen. Føresette og personalet i barnehagen har eit felles ansvar for barnet si trivsel, utvikling og læring.

Mål for samarbeidet:

- Foreldre skal vere trygge på at barna har det bra i barnehagen, vere bevisste si rolle og oppleve at dei kan medverke i barnehagekvardagen.
- Det skal vere ein trygg og god dialog mellom foreldre og personale, der ein kan ta opp tema som er viktige for barnet og barnehagen.

Foreldresamtalar, foreldremøte, foreldreråd og samarbeidsutval er formelle samarbeidsarenaer mellom heim og barnehage.

Levering og henting er viktige møtepunkt for utveksling av informasjon. Her kan foreldre og personale dele både praktiske opplysningar og små og store opplevingar frå barnet sin kvardag.

Det vert gjennomført oppstartssamtalar for alle nye barn kvar haust. Dersom føresette til andre barn ønskjer ein samtale i løpet av hausten, legg barnehagen til rette for dette. For alle barn vert det gjennomført ein ordinær foreldresamtale om våren. For barn der det er behov for tettare oppfølging, vert det gjennomført faste foreldresamtalar både haust og vår. Utover dette kan både føresette og personale ta initiativ til samtalar ved behov gjennom heile barnehageåret.

Barnehagen kallar inn alle føresette til foreldremøte i september/oktober. Her vert det valt foreldrerepresentantar, gitt informasjon om planar og aktivitetar i barnehagen, og gjennomført avdelingsvise møte. På våren vert det vanlegvis arrangert eit temabasert foreldremøte eller ei evaluering av barnehageåret.

I løpet av året inviterer vi også til ulike arrangement som bidreg til fellesskap og samarbeid mellom heim og barnehage, mellom anna påskefrukost, sommaravslutning med FORUT-kafé og dugnad i barnehagen.

Tidleg innsats

I Skei barnehage har vi fokus på tidleg innsats. Det betyr at vi ønskjer å oppdage og følgje opp barn som treng ekstra støtte så tidleg som mogleg. Når vi kjenner uro eller bekymring knytt til eit barn si utvikling, læring eller åtferd, er det viktig at vi handlar tidleg og i tett samarbeid med foreldra.



God dialog mellom heim og barnehage er ein føresetnad for å kunne gi barnet best mogleg støtte. Gjennom observasjon, samarbeid og eventuelt involvering av aktuelle faginstansar arbeider vi for å finne gode tiltak som kan fremje barnet si trivsel, utvikling og meistring.

Sunnfjord kommune har ein eigen plan for tidleg innsats som gir føringar for korleis barnehagane arbeider systematisk med å oppdage, støtte og følgje opp barn som har behov for ekstra tilrettelegging eller hjelp. Målet er å sikre at alle barn får den støtta dei treng til rett tid.

Her kan du leste meir om tidleg innsats:

Barnehage - Tidleg innsats - Sunnfjord kommune

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Vi ønskjer å leggje til rette for ein trygg og god start i barnehagen for både barn og føresette. For å skape tryggleik og gode relasjonar startar samarbeidet allereie før barnet byrjar i barnehagen.

Barn som skal starte i barnehagen i august, blir inviterte til ein besøksdag i juni. Her får barnet og føresette høve til å bli kjende med barnehagen, sjå avdelinga og møte personalet.

Rett før barnehagestart inviterer vi til eit eige foreldremøte for nye barn. Dette er eit uformelt møte der føresette får praktisk informasjon om oppstarten og tilvenningstida. Barna er velkomne til å vere med, og dei som ønskjer det kan få omvising i barnehagen.

Under sjølve tilvenninga ønskjer vi at ein av foreldra er til stades i barnehagen dei 3 første dagane, eller lenger dersom barnet har behov for det. Vi tilrår korte dagar i starten, før opphaldstida gradvis blir utvida. Ei god tilvenning krev tett samarbeid og god kommunikasjon mellom heim og barnehage, slik at barnet får ein trygg og positiv start på barnehagelivet.

Overgangar i barnehagen

For å sikre ein trygg og god overgang mellom avdelingane arbeider vi aktivt med tilvenning også når barna skal bytte avdeling. På våren og sommaren besøker barna den nye avdelinga fleire gonger, slik at dei får bli kjende med både barn, personale og dei nye omgivnadene.

Pedagogane gjennomfører overføringssamtalar der relevant informasjon om barnet blir delt, slik at personalet på den nye avdelinga kan møte barnet på best mogleg måte frå første dag. I løpet av våren arrangerer vi også felles aktivitetar, turar og samlingar på tvers av avdelingane. Dette gir barna høve til å bli kjende med dei nye venene og dei vaksne dei skal vere saman med til hausten, og bidreg til ein trygg og god overgang.

Overgang mellom barnehage og skule

Vi ønskjer å leggje til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Barnehagane som soknar til Skei skule samarbeider om førskulegruppa og møtast på treff i barnehagane gjennom heile året.

Førskulebarna besøker Skei skule fleire gonger for å gjere overgangen til skulen tryggare og meir føreseieleg. Dei får mellom anna besøke SFO og bli kjende med området og rutinane på skulen. Når det let seg gjere, får barna møte kontaktlæraren sin før skulestart, og vi ønskjer også at læraren kjem på besøk til barnehagen.

På våren blir det gjennomført overføringsmøte mellom barnehagen og skulen. Her deltek pedagogisk leiar og einingsleiar frå barnehagen, saman med lærar, rektor og eventuelt andre aktuelle fagpersonar frå skulen. Foreldre må gje elektronisk samtykke før barnehagen kan overføre informasjonen til skulen.

Skulen inviterer alle førskulebarn og føresette til innskriving, vanlegvis i juni. Målet med samarbeidet er at barna skal oppleve samanheng, tryggleik og glede i overgangen frå barnehage til skule.

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

For å sikre eit godt og fagleg oppdatert barnehagetilbod har vi ulike møteplassar for samarbeid, refleksjon og utvikling. Personalmøte, planleggingsdagar, pedagogisk leiarmøte og avdelingsmøte er viktige arenaer der vi arbeider med kvalitet, fagleg utvikling og felles forståing av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Barnehagen har eit eige internt ressursteam som består av einingsleiar og pedagogisk leiarar i barnehagen. Ressursteamet er ein del av arbeidet med tidleg innsats og skal bidra til at barn som treng ekstra støtte blir fanga opp og følgde opp så tidleg som mogleg.

Når det er bekymring knytt til eit barn si utvikling, læring eller trivsel, vert dette først drøfta med foreldra. Med samtykke frå foreldra kan saka takast vidare til ressursteamet.

Samarbeid med eksterne instansar

For å sikre at alle barn får den støtta og oppfølginga dei treng, samarbeider barnehagen med fleire ulike faginstansar. Målet er å bidra til tidleg innsats, god utvikling og trivsel for barnet og familien.



- **Helsestasjonen i Sunnfjord kommune** har eit eige oppfølgingsteam som tilbyr familiesamtalar og oppfølging av barn og unge. Dei gir foreldrerådgiving og rettleiing innan PMTO og Tryggleikssirkelen (COS).
- **Home-Start Familiekontakten** er eit lågterskeltilbod til familiar med minst eitt barn under skulealder. Tilbodet kan bestå av praktisk hjelp, samtalar eller besøk i heimen, tilpassa familien sine behov.
- **PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste)** består av psykologar, logopedar og rådgjevarar. PPT gir rettleiing til barnehagen og foreldra, og bidreg med kartlegging, vurdering og tilrettelegging når barn har behov for ekstra støtte.

- **BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)** gir hjelp og rettleiing til barn, familiar og personale når det er behov for oppfølging knytt til psykisk helse, utvikling eller åtferd.
- **Barnevernstenesta** skal bidra til at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta kan vere ein viktig samarbeidspartnar for både familiar og barnehagen. Barnehagen har opplysningsplikt til barnevernstenesta når det er alvorleg bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon.
- **NAV** kan vere ein samarbeidspartnar for familiar som har behov for støtte og rettleiing knytt til økonomi, arbeid eller andre sosiale forhold som påverkar familien sin kvardag. Barnehagen kan, i samarbeid med foreldra, bidra med informasjon om aktuelle tilbod og hjelpe familiar med å kome i kontakt med rett instans.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering

Kvaliteten på samspelet og relasjonane mellom barna, og mellom barn og vaksne, er den viktigaste føresetnaden for barna sin trivsel, utvikling, læring og danning i barnehagen.

Skei barnehage er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Planlegginga skal byggje på observasjonar, refleksjonar og kunnskap om barna si trivsel, utvikling og interesser, både for det enkelte barnet og for barnegruppa som heilskap. Barn og foreldre har rett til medverknad i desse prosessane, og deira erfaringar og innspel er viktige bidrag i utviklinga av barnehagen sitt innhald.



Hendingar og markeringar i barnehagen



Vinter

7.desember	Julevandring
11. desember	Førjulsbesøk på omsorgssenteret
17. desember	Nissefest
18.desember	Konsert i barnehagen med distriks-musikarane som framfører "Søsken"
Desember-februar	Besøke omsorgssenteret "Livsglede for eldre"



Vår

Mars	Påskefrukost
Mai	Dugnad
Mai	Vi øver på 17.mai
Mai	Besøk av ambulanse og politi
Mars-mai	Besøke omsorgssenteret "Livsglede for eldre"



Sommar

Juni	Sommar-avslutning og Forutaksjon
Juni	Sykkeldag, førskulegruppa
Juni	Besøke skulen, førskulegruppa
Juli	Barnas countrytreff på Breim
Juni	Besøke omsorgssenteret "Livsglede for eldre"



Haust

17. august	Velkommen til nytt barnehageår!
11.september	Askeladden teater: "Bia og Drone"
Veke 38	Besøk av Bjørnis, brannbil og brannøving
5.november	Fotografering
August-november	Besøke omsorgssenteret "Livsglede for eldre"